



REFERAT – KOMMUNEREFORM

Telefonmøte Smia/Volda

29.03.2019 kl. 09:00

Til stades:

Rune Sjurgard, Rådmann/prosjektleder
Ann Kristin Langeland, Rådmann
Asbjørn Moltudal, ass. rådmann
Hovudtillitsvalgt Delta, Norunn Helene Holmøy Wang
Hovudtillitsvalgt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter
Joakim Rødven (referent)

Agenda:

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
1. Gjennomgang av referat frå førre møte	
Referent Joakim Rødven orienterte kort frå referatet frå sist møte.	

Aktivitet	Ansvarleg oppfølging
2. Møtetidspunkt for Fellesnemnda 9. mai	
<p>På grunn av ein invitasjon til opning av Sagafjord har det vore føreslått å flytte møtet til Eid for å delta på dette i etterkant. På grunn av praktiske og organisatoriske grunnar vart dette ikkje mogeleg å gjennomføre. Ordførarane er inviterte, og møtet i Fellesnemnda vert derfor føreslått å flyttast til tidlegare på dag for å kunne få til begge deler.</p> <p>Prosjektleder Rune Sjurgard spelte ballen vidare til ordførar Jørgen Amdam og leiar i Fellesnemnda, Stig Olav Lødemel, som lyt avgjere kva som er mest hensiktsmessig og så får ein rette seg etter dette. Kommunikasjonsrådgjevar Joakim har følgd opp dette med Lødemel og Amdam, og møtet vert flytta til Smia frå kl 12.00.</p>	

Aktivitet 3. Saker til Fellesnemnda 9. mai	Ansvarleg oppfølging
<p>Saker til politisk handsaming</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lovlegkontroll av skulekringsgrense - Bruken av Smia - Profileringsmateriell til ny kommune - Grafisk profilhandbok <p>Orienteringar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppdatert ROS-analyse - KS Folkevaldprogram 	<p>PIK RS JR JR</p>

Aktivitet 4. Rettleiar om organisasjonsnummer	Ansvarleg oppfølging
<p>Asbjørn har fått tilsendt ein rettleiar for kommunar og fylkeskommunar i samband med kommunereforma frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, som mellom anna omhandlar framgangsmåte for vidareføring av organisasjonsnummer.</p> <p>Asbjørn lagar eit utkast til organisasjonsnummer som skal seiast opp eller vidareførast som vert å gåast gjennom av leiargruppa for nye Volda kommune for eventuelle rettingar. Denne oversikta må ha sendt inn strukturen til KMD innan 1. september.</p>	<p>AM/AKL</p>

Aktivitet 5. Framdrift på kultur i nye Volda	Ansvarleg oppfølging
<p>Museum. Jørgen Amdam og Ann Kristin Langeland møtte frå «nye» Volda i eit orienteringsmøte om museumsstruktur. Dette var eit godt møte der det mellom anna vart gått gjennom prosessane med konsolidering. Det vert no køyrt ein prosess med å opprette eventuelle partnerskapsavtalar med kommunar på Sunnmøre.</p> <p>Det skal vere eit samarbeidsmøte mellom Sunnmøre museum og Sogn og Fjordane museum, der deg skal diskuterast framtidig organisasjonsstruktur og finansieringsmodellar. Vedtekter og organisering kring dette kjem sak på ved eit seinare høve.</p> <p>Kulturavdeling. I morgon tysdag skal det vere eit møte om kulturavdelinga i nye Volda. På dette møtet skal det kartleggast korleis ein kan tenkje seg å organisere avdelinga og sjå på kva ein skal jobbe med i ny kommune.</p>	<p>AKL AKL</p>

Neste møte vert måndag 10. juni.

Møtet slutt 09:33

Volda, 29.04.2019

Joakim Rødven

Kommunikasjonsrådgjevar